



Vegvesen - Jenssen Atle

Dato: 20.10.2014
Vår ref.: 2014/17253-4
Saksbehandlar: josaksd
Dykkar ref.:

E16 Nærøydalen - Arkeologisk registrering kostnadsramme for arkeologisk registrering

Hordaland fylkeskommune viser til førespurnad om kostnader til arkeologiske registrering for deponiområde i samband med veg og tunnell for E16 Nærøydalen.

Området som no er mest aktuelt å ta i bruk er areal sør og aust for eksisterande E16. I våre arkiv er det ikkje kjent automatisk freda kulturminne i desse områda. Dei har likevel eit visst potensial då gardane på nordsida av E16 har fleire større gravminne frå jernalder.

Hordaland fylkeskommune har som delegert kulturminnemynde vurdert området jf. kartvedlegget sør for vegen under eitt og vil slik gjera ei overflateregistrering – søk etter synlege kulturminne. Me har satt opp eit feltarbeid på inntil 3 veker i felt for to personar. Ut i frå dette vil me få eit kostnadsoverslag på rett i underkant av 275 000. Me gjer merksam på at me berre fakturerer ut i frå nytta tid og reelle kostnader. Skulle det verta endringar i dei føreslåtte areal vil me koma attende med naudsynte endringar.

For at me skal få feltarbeidet inn i vår oppdragskalender vil me måtte ha ei skriftleg tilbakemelding på aksept av kostnadsramma, me må i tillegg ha oppgitt ressurs nummer til prosjektet.

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Jostein Aksdal
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Kostandsoverslag for arkeologisk registrering

